

Saksnr: 2020/56415-1

Saksbehandlar: Simen Lagesen Krogstie

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering | | 16.09.2020 |

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) - tildeling 2020.

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver 3 980 000 kroner til Den kulturelle spaserstokken 2021 fordelt slik:

| Kommune | Sum |
|--------------------|--------|
| Sunnfjord kommune | 123202 |
| Kinn kommune | 97908 |
| Høyanger kommune | 44432 |
| Vik kommune | 38278 |
| Lærdal kommune | 40000 |
| Gulen kommune | 39397 |
| Stad kommune | 72041 |
| Bremanger kommune | 48383 |
| Luster kommune | 59207 |
| Stryn kommune | 65168 |
| Sogndal kommune | 89360 |
| Aurland kommune | 51000 |
| Hyllestad kommune | 26126 |
| Askvoll kommune | 50000 |
| Solund kommune | 25844 |
| Årdal kommune | 63751 |
| Gloppen kommune | 51733 |
| Fjaler kommune | 18924 |
| Masfjorden kommune | 29507 |
| Etna kommune | 45583 |
| Osterøy kommune | 51719 |
| Tysnes kommune | 35355 |

| Kommune | sum |
|-----------------------|---------|
| Vaksdal kommune | 42849 |
| Fedje kommune | 13000 |
| Kvam kommune | 66495 |
| Sveio kommune | 37783 |
| Eidfjord kommune | 30000 |
| Alver kommune | 161718 |
| Voss herad | 179810 |
| Austrheim kommune | 50000 |
| Ulvik Herad | 38887 |
| Kvinnherad kommune | 80000 |
| Bergen kommune | 1205810 |
| Modalen kommune | 5000 |
| Samnanger kommune | 50000 |
| Bømlo kommune | 74010 |
| Austevoll kommune | 72897 |
| Ullensvang kommune | 108590 |
| Bjørnafjorden kommune | 165777 |
| Øygarden kommune | 169914 |
| Stord kommune | 104319 |
| Fitjar kommune | 30518 |
| Askøy kommune | 125705 |
| Totalt | 3980000 |

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) er ei tilskotsordning der målet er å leggje til rette for formidling av profesjonell kunst og kultur til eldre. Frå 2014 har fylkeskommunane hatt ansvar for å forvalte ordninga. Midlane ligg inne i rammetilskotet, og skal tildelast kommunane etter søknad. For 2021 vert 3 980 000 kroner fordelt til kommunane.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Siri Ingvaldsen
seksjonsleiar kulturformidling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) skal leggje til rette for kunst- og kulturformidling til eldre i eit samarbeid mellom kultursektoren og helse- og omsorgssektoren. Fylkeskommunen har ansvar for å forvalte ordninga. Midlane ligg innbaka i rammetilskotet, og det er kommunane som kan søkje tilskot frå ordninga. Kommunane vel sjølve korleis dei vil organisere arbeidet med Den kulturelle spaserstokken, men tilskotet skal nyttast til kulturtilbod av høg kvalitet og vere tilgjengeleg på arenaer der eldre har sitt daglege liv.

| | |
|--------------------------------------|--|
| Generelt | |
| Budsjett 2020 | 3980000 kroner |
| Søknadsfrist 2020 | 01.juni |
| Vedtaks kriterium | 03.04.2020 |
| Kriterium og informasjon om ordninga | Informasjon på VLFK si heimeside |

| | |
|---------------------------------------|----------------|
| Oversyn | |
| Tal på søknader | 43 |
| Tal på søknader som er tilrådd støtte | 43 |
| Samla søknadssum | 6538000 kroner |
| Tilrådd fordeling | 3980000 kroner |

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Tilskot frå Den kulturelle spaserstokken 2021 vart utlyst med frist 1. juni i år. Ordninga var kunngjort på fylkeskommunens nettsider og i epost og annan kommunikasjon med kontaktpersonane i kommunane.

Innan søknadsfristen 1. juni i år var det kome inn 42 søknader om tilskot frå ordninga. To søknader vart sende via e-post grunna digitale utfordringar hjå søkjaren. Desse var Askøy og Stryn. Éin søknad, frå Fjaler kommune, kom inn etter fristen. Fjaler hadde falle ut av fylkeskommunens liste over kontaktpersonar for Den kulturelle spaserstokken, og fekk dermed ikkje direkte informasjon og påminningar om ordninga som dei andre kommunane. Fylkesdirektøren tilrår difor at søknaden frå Fjaler vert godkjend, men at tildelinga i dette tilfellet er basert berre på kvantitative kriterium.

Totalt har alle dei 43 kommunane i Vestland søkt på ordninga.

Samla søknadssum i 2020 er på 6 538 000 kroner og viser ein oppgang på 35 % samanlikna med søknadssum i 2019. Søknadssummane varierer frå 5 000 kroner til 1 320 000 kroner.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok i sak 40/2020 *Den kulturelle spaserstokken, retningslinjer for utlysing og tildeling av tilskot* kriterium for tilskotsordninga. Ved tildelinga skal kvantitative og kvalitative kriterium vektleggast høvesvis 80 og 20 prosent.

Kvantitative (80 prosent):

- tal på innbyggjarar over 67 år i kommunen (vekting 60 prosent)
- del av befolkninga som er over 67 år (vekting 10 prosent)
- areal (vekting 10 prosent)

Kvalitative (20 prosent):

- tiltak/programinnhald
- nyskaping

- samarbeid
- gjennomføringsevne
- tilbud til mange

Nokre kommunar søkte ein lågare sum enn dei kunne fått om berre kvantitative kriterium låg til grunn. Fylkesdirektøren tilrår at desse ikkje får auka opp tilskotet tilsvarande. Ein reknar med at skisserte tiltak og prosjekt er dimensjonerte med utgangspunkt i den omsøkte summen. Desse kommunane vil få råd om at dei kan skalere opp tiltaka om ynskjeleg komande år.

Nokre kommunar hadde søkt høge summar i forhold til storleik på kommune, skisserte tiltak og økonomisk ramme for ordninga. Tilrådd støtte er i mange tilfelle vesentleg lågare enn søknadssummen, men vurderinga er at søknaden likevel har gode tiltak som kan gjennomførast med tilskotet som er foreslått.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

Klima: Ikkje direkte relevant. Kommunane har ansvar for gjennomføring av program i DKSS.

Folkehelse: Kulturopplevingar og aktivitet har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga er eit av verkemidla for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR og Regional plan for kultur 2019-2027 Kultur for alle.

Konklusjon

Alle kommunane i Vestland fylke har søkt om tilskot i Den kulturelle spaserstokken. Søknadene er vurderte med bakgrunn i vedtekne kriterium, og 3980000 kroner er fordelt på dei 43 kommunane i Vestland.

Vedlegg:
Oversikt over søknader